

Fra: Ingunn Kandal [inkan@online.no]

Sendt: 14. august 2011 15:42:16

Til: NVE

Emne: Fråsegn om konsesjonssak på høyring; Breim kraftverk i Storelva, Gloppen kommune

Fråsegn om konsesjonssak på høyring; Breim kraftverk i Storelva, Gloppen kommune

Raudt Sogn og Fjordane deler synet til dei som har uttala seg mot utbygginga pga. dei naturinngrepa dette vil innebere. Utløpet av Storelva i Breimsvatnet representerer ein naturtype, eit elvedelta, som etter kvart er svært få igjen av. Også generelt er det grunn til å peike det tapet elles av naturlandskap og dermed opplevingsverdi. Vi har også registrert den bekymringa som er for fiskebestanden i vassdraget.

Partiet vil utifrå dette gå mot den store utbygginga som er foreslått.

Bakgrunnen for vårt standpunkt mot utbygging er også det etter kvart ikkje-omstridde faktum at det er mogleg å skaffe kraft på ein naturvenleg måte, til og med billegare ved å satse på energisparing. Rapportar som Naturvernforbundet syner til, seier at det er mogleg å spare 10 TWh berre i byggsektoren innan 2020 og halvere energiforbruket med 40 TWh innan 2040.

Raudt Sogn og Fjordane går på den andre sida ikkje mot ei kvar vasskraftutbygging, men utbygginga av Storelva er for omfattande og får for store negative konsekvensar. Vi oppmodar til NVE til å seie nei til dei føreliggjande planane.

Med helsing

Raudt Sogn og Fjordane <<http://rødt.no/sogn-og-fjordane/nyheter/>>

Ingunn Kandal

leiari

tlf. 464 77 723